

Fra: "Torben Lode"
Sendt: mandag 27. oktober 2025 10.50.06
Til: "'post.nett@glitrenett.no'" <post.nett@glitrenett.no>
Kopi: "Ellinor.Borgi@glitrenett.no" <ellinor.borgi@glitrenett.no>;
"'post@kristiansand.kommune'" <post@kristiansand.kommune>
Emne: Ny 110 (132) kV Kulia-Leire, NVE godkjenner søknad om endra anleggstilkomst ved Storemyr og søknad om bruk av Postveien for persontransport
Vedlegg: Vedlegg 1 - søknad om endring av anleggstilkomst ved Storemyr (131025) - Glitre Nett AS.PDF, Vedlegg 2 - justering av endringssøknad og søknad om personaltransport postvei (171025) - Glitre Nett AS.PDF, Vedlegg 3 - veirett Postveien - Kristiansand kommune (161025).PDF

Til: Glitre Nett AS
Kopi: Glitre Nett AS v/ Ellinor Borgi, Kristiansand kommune
Vår referanse: 202411592-79

Ny 110 (132) kV Kulia – Leire, NVE godkjenner søknad om endra anleggstilkomst ved Storemyr og søknad om bruk av Postveien for persontransport.

NVE viser til e-posten dykkar av 13. oktober 2025 med opphavleg søknad om endra tilkomst mellom mastepunkt 20-24, samt e-posten dykkar av 17. oktober med søkte justeringar av opphavleg søknad og søknad om bruk av Postveien for persontransport. Grunngeving for dei ynskta endringane kjem fram av søknadane, sjå vedlegg 1 og vedlegg 2.

NVE har ingen merknadar til endringane og godkjenner med dette bruk av postvegen for persontransport og at terrengtraséar mellom mastepunkt 20-24 vert nytta som søkt av 13. oktober 2025, med justeringar som søkt av 17. oktober 2025. Tidlegare innvilga terrengtraséar mellom mastepunkt 20-24 som ikkje er omfatta av dei ynskta terrengtraséane i endringssøknadane fell med dette ut. Me føreset at all bruk og istandsetjing skjer i samsvar med godkjent detaljplan, og at endringane er avklart med grunneigarar og aktuelle rettshavarar. Me føreset også at de følg innspela frå Kristiansand kommune (sjå vedlegg 3).

NVE har vurdert at endringane er å rekne som mindre vesentlege endringar av detaljplanen og har ikkje sett behov for å innhente fråsegn i forbindelse med behandlinga av søknadane.

Dette vedtaket kan klagast på av parter i saka og andre med rettsleg klageinteresse. Sjå meir informasjon om dette i [NVE sitt informasjonsskriv om klage](#).

Kristiansand kommune orienterast med kopi av denne e-posten.

Med helsing,

Torben Lode
rådgjevar
Avdeling for tilsyn og beredskap
Seksjon for miljøtilsyn energianlegg
Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE)
Telefon: 22959595
E-post: nve@nve.no
Web: www.nve.no

